

Claus Sellevoll

Nordre Toppe 3, 5136 Mjølkeråen

Haakon Aase

Litlebergen 29, 5919 Frekhaug

Radøy kommune

Att.: Landbrukskontoret/Kultur

## SØKNAD OM MIDLAR TIL PRODUKSJON AV KORTFILM – «EG VEIT MEG EI VEIT» - EIN FILM OM MURING AV KISTEVEITER

Vi ynskjer å be Radøy kommune om eit tilskot til produksjon av ein film med tema *kisteveiter*. Vi *søker med dette om eit tilskot på kr 7.500*. Vi bed dykk på landbrukskontoret losa denne søknaden fram til den rette instansen/tilskotsordninga.

### Bakgrunn

Temaet er aktualisert ved det pågåande prosjektet hjå Claus Sellevoll på Sellevoll der ei betydeleg lengde av grøftesystemet vert restaurert i desse dagar. Som vanleg er, er det hovudgrøftene som oftast er utforma som kisteveiter. Ei kisteveit er utforma som eit «kammer», ein underjordisk «kanal», bygd i naturstein, oftast med helle i botnen, murvangar på begge sider og ei helle på toppen, kalla «løkhelle» eller berre «løk». Dimensjonane på Sellevoll ligg på rundt 40 cm breidd og 40 – 50 cm høgd. Elles finst slike veiter i både større og mindre dimensjon, alt etter pårekna vassføring/tilsig.

Vi ser at ei slik veit gjev ei særdeles god drenering, og dersom ho vert bygd skikkeleg, vil ho også kunna ha lang levetid.

Vi har gjennom det arbeidet som pågår, notert oss ei stor interesse for prosjektet, både frå media og frå privatpersonar. Norsk kulturminnefond har også sett verdien og prosjektet og har løyvd midlar til det.

På denne bakgrunnen ynskjer vi å laga ein film som kan gje auka kunnskap i allmenta om denne forma for veiter og om byggjemåten reint teknisk.

Vi tenkjer at bruk av kisteveit også i dag kan vera eit alternativ til andre meir «moderne» former for drenering, og at prosjektet med det òg har relevans for eit moderne landbruk. Arbeidet går føre seg i Lindås kommune men vi reknar med at bruk av kisteveiter har sjølvstekt relevans for alle kommunane i vårt område og også sett i større regional samanheng.

### Føremål

Filmen er tenkt å vara 6 – 10 minutt. Føremålet er tredelt:

1. Vi ynskjer å gje praktisk orientering om kisteveiter og rettleiing om byggjemåten, praktisk instruksjon basert på det arbeidet som går føre seg no.
2. Vi ynskjer å setja muring av kisteveit inn i ein kultur- og landbrukshistorisk samanheng
3. Vi ynskjer å få fram tiltakshavaren, Claus Sellevoll, sitt personlege tilhøve til garden han no driv, og til det arbeidet som tidlegare slekter – her som andre stader – har lagt ned av synleg og usynleg arbeid for at vi skal ha det jordbrukslandskapet vi har i dag. Sjå nedanfor!

## Produksjon

Regissør og produsent for filmen skal vera Christer Steffensen (Meland). Han er ein ung og talentfull filmskapar og frilansar. Han har laga filmar mellom anna for næringslivet i regionen, musikkvideoar frå vår lokale musikkstjerne "Serlina", og ein rekkje kortfilm. Han er for tida tilsett i ein TV- Norge-produksjon.

Claus Sellevoll og Haakon Aase står saman bak prosjektet og tek på seg delar av kostnadene.

## Ein kunst og eit strev

For å illustrera dei måla vi har med filmen, og tankane og kjenslene bak, siterer vi her ein tekst Claus Sellevoll har skrivne:

*«Ein gamal jordtræl på Sellevoll sa ein gong: «Hadde eg kunna fått vist garden min «oppned», ja so skulle de fått sett kva arbeid me har lagt ned i grøfting!»*

*Det var eit tungt og tidkrevjande arbeid å vøle ei kisteveit, og det vart nok gjerne gjort i samband med steinrydjing og nydyrking. Steinen som var funnen måtte køyrast fram til kisteveita, veltast av, og snuast til han låg støtt. Dette kunne våre forfedrar. Dei tok den tida dei trong for å sjå på steinen frå alle sider, før dei baska han på plass. Mindre stein og ueigna stein fylte dei inn i mellom som fyllstein. Å byggja ei solid kisteveit som skal tola vassmengda og vår tids landbruksmaskiner, må byggjast med kløkt, stein på stein. Det er eit arbeid som set krav til det grundige, langsiktige og praktiske der det meste framleis lyt gjerast med handamakt.*

*På bøen på Sellevoll får vatnet spesialbehandling. Det skal klukka der nede, fire-fem fot under torva, gjennom ein tunnel av handhogd stein og glatte heller, 40 centimeter brei og om lag tilsvarande høg. Dreneringsgrøfta som er under restaurering på Sellevoll, er ei kisteveit. Ei veit er ei grøft, og ei kisteveit blir ho når du dekkjer henne med eit løk av større og mindre heller.*

*No skal kisteveitene snart fungere slik dei ein gong gjorde, då Claus Sellevoll sine forfedrar sette dei i stand.*

*Det er farfaren, Ragnvald, sine fotefar Claus skal gå i. Det er hans rettesnor han prøver å leva etter. Han som slo med stutturv heilt ned i fjøresteinane i Alversund. Han som hadde opplevd krig nok til ikkje å ta freden for gitt. Han som visste at uår kunne råka.*

*– Farfar var nøye med å understreka at dagens velstand ikkje er noko sjølvstapt som nødvendigvis varer evig. «Ein må ta vare på ting, ikkje berre hyva», sa farfar.*

*Hans formaningar sette seg fast i Claus, som berre var ein gutunge den gongen. Farfaren vart ein rollemodell, og slik er det å vera nøysam, arbeidsam, jordbunden og alminneleg blitt rettleiande for Claus Sellevoll. Difor gir det djup meining å restaurera kisteveita etter gammal oppskrift, framfor å gjera det så lett og så billeg som råd.»*

Sellevoll/Frekhaug 27.05.19

Beste helsing

Claus Sellevoll og Haakon Aase